



Ingeniør Lyder K Leithaug  
Bønnesskogen 3B  
5154 BØNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/720 - 20/13800

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:  
10.03.2020

## Avvist søknad om bruksendring - gbnr 133/79 Soltveit søndre

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 03.04.19. Saka gjeld søknad om ny boenhet.

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om ny boenhet avvist. Grunngevinga fremgår av vurderinga under.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### VURDERING

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Bruksendringa kjem nærare naboeigedom (gnr 133 bnr 31) enn fire meter. Tiltaket er avhengig av anten dispensasjon eller eit nabosamtykke.

Kommunen etterspurde manglane i brev 12.06.19, der dykk fikk ein frist til 17.07.19 til å senda inn dokumentasjonen. Kommunen har mottatt nabovarslinga av dispensasjonen, men vi kan ikkje så å ha mottatt noko dispensasjonssøknad eller eit nabosamtykke.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement. .

### **Klage**

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

I klagen skal det gå fram kva det vort klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Eirik Berntsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Remi-Andre Toffing

Gangstøvegen 19 5911

ALVERSUND

### **Mottakarar:**

Ingeniør Lyder K Leithaug

Bønnesskogen 3B 5154

BØNES